

## Referat frå foreldremøte for 5. og 6. klasse ved Austebygd skule torsdag 20. september 2018 kl. 18:00.

### Saker:

- Elin informerte om skulen sine tre satsingsområde: Lesing - Læringsmiljø - Innføring av ny læreplan. Dei to første områda vert arbeidd med både blant personalet og elevane. I den nye læreplanen er det berre generell del som er klar, og den arbeider lærarpersonalet med å setje seg inn i.
- Elin viste til skulen sin «Handlingsplan for eit trygt og godt læringsmiljø» Den finst på nett under Radøy kommune og Austebygd skule. Der kan de lesa heile dokumentet.
- Elin fortalde at det har vore mest positiv tone mellom elevane i klassen i haust. Men me har hatt nokre konflikhtar som me har rydda opp i på skulen. Ho informerte om det sosiale programmet for 5. og 6. klasse som heiter «Mitt val» og om nokon av sakene elevane møter der i år.
- Til 6. klasse fortalde Elin om innhald og forventningar i Mat og helsefaget. Ha med bok og forkle kvar gong og strikk til langt hår. Det er lurt å få prøva seg litt på kjøkkenet heime.
- Til 5. klasse vart det informert om tidspunkt for Nasjonale prøvar og at dei får meir skriftleg informasjon frå rektor snart. Link til øvesider finn dei på lekseplanen.
- På It`s learning finn alle foreldre vekeplanane til elevane. Der legg Elin også årsplanar, referat og andre skriv til foreldre.
- Foreldrekontaktane tok opp saka om kva foreldre kan gjera for at miljøet mellom alle elevane skal vera positivt. Det kom fleire forslag: tur i marka, symjetreff, halloween-fest hjå Lasse. Foreldrekontaktane tar initiativ og fleire ville hjelpe til.
- 17.mai- arrangementet vart drøfta. FAU hadde forslag om at 4. og 5. klasse-foreldre kunne vera komite saman, slik at det er nokon med erfaring med kvart år. Fleire foreldre sa at dei kunne hjelpe til med oppgåver. Marit melde seg til å vera med i komiteen vidare.
- Samtale om Skulen sin «Aktivitetsplan 2018-19». Kopi vert send heim i sekken til elevane.

referent Elin Nøttveit